



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato
04.09.2017
Dykkar dato
19.06.2017

Vår referanse
2017/7824 561
Dykkar referanse
12/7841

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Fråsegn til søknad om bygging av Valdra Kraftverk

Inntaket til kraftverket er planlagt på kote 325 nær det nedlagt gardsbruket Valdra. Ein vil nytte nedbørsfelt i fjellområdet sør for Skånevik, som ligg på om lag 600 – 900 moh. Elva Valdra har tilløp frå fleire mindre bekker. Elva går i eit trengt gjel fleire stader. Tilliggjande områda er i stor grad kulturpåverka.

Ein vil overføre fire bekker sør og to bekker nord for Valdraelva. Med unntak av ein, har ingen av desse bekkene årssikker vassføring. Røyrkata skal følgje ein godkjent skogsbilvegtrase om lag 1400 m. Stasjonen er plassert på kote 50. Avløpet kjem like ved ein eksisterande fangdam, som er i dag er vandringshinder for anadrom fisk. Elvebotnen frå fangdammen og ned til sjøen er plastra i botn for å sikre mot flaumskadar. Fangdammen skal stanse transport av steinblokker ned i elva. Elva har før tiltaka som vart gjennomført i 1983 har tidlegare vore oppvekstelv for sjøaure.

I tiltaksområdet ligg ein edellauvskog, prioritert naturtype med lokal verdi (C). Det er innslag av ask og alm i planområdet. Utbygginga vil i liten grad påverke biologisk mangfald, landskap og friluftsliv. Utbygginga vil føre til bortfall av INON-område i fjellområdet sør for utbygginga. Utbyggjar viser til at elva ligg djupt i terrenget og har lite og avgrensa innsyn frå områda rundt. Det er fleire turstiar i området, frå Åsheim og opp til Valdra og Rodalen, og den gamle postvegen over fjellet. Konsekvensane for landskap og INON og for friluftsliv er sett til *ubetydeleg/liten negativ*.

Samla konsekvens av utbyggingar er vurdert å vere *liten negativ*.

Utbyggjar har vurdert utbygging utan å overføre alle dei planlagde bekkene, men viser til at prosjektet ikkje vil bli lønsamt utan at desse er med.

Fylkesmannens merknader

Fylkesmannen kjenner ikkje bakgrunnen for bygging av vandringshinder i vassdraget, og at det i dag ikkje har funksjon som anadromt vassdrag. Vi meiner det er viktig å sjå på samla belastning på vassdragsnaturen og vurdere omfanget av overføringar og nivå og krav til minstevassføring ut frå samla belastning på akvatisk miljø.

Inngrepa knytt til utbygginga ligg i eit område som er prega av mange inngrep frå før, men det det grenser til eit fjell- og skogområde sør for Skånevik med fine kvalitetar i samband med friluftsliv og landskap.

Fylkesmannen har få merknader til utbygginga, vurdert ut frå dei konfliktane som er presentert i søknaden.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernsjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Forum for Natur og Friluftsliv i
Hordaland v/ Bergen Turlag
Hordaland fylkeskommune
Miljødirektoratet
Etne kommune

Tverrgt. 4/6

Postboks 7900

Postboks 5672 Sluppen

Sjoarvegen 2

5017 BERGEN

5020 Bergen

7485 TRONDHEIM

5590 ETNE